

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



Protokoll

Styremøte i Agder Historielag 26. november 2018, kl 16:30-19:00 på Stiftelsen Arkivet, Kristiansand.

- Til stades: Arna Berg, Birgit Attstog, Eilert Skjævestad, Morten Aslaksen, Kurt Sandman, Helge Røed, Anne Tone Aaneby og dagleg leiar Kim Bredeesen.
- Forfall: Hans Christian Lund og vararepresentant Ragnhild Høydal.
- Sak 41/18: **Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 42/18: **Godkjenning av protokoll frå møtet 8. oktober 2018.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 43/18: **Utlysing av stilling som organisasjonssekretær for Agder Historielag.**
Samrøystes vedtak:
Stillinga vert lyst ut etter foreslåtte utlysingstekst med søknadsfrist 21. desember og inntil 40 % stilling. Skal lysast ut i Egde, Heimesida, Facebook, NAV og Finn. Kan ha stutt annonse i Setesdølen, Agderposten, Fædrelandsvennen, og visa til Heimesida.
Arbeidsutvalet er intervjuutval og førebur tilseting til styremøte i januar.
- Sak 44/18: **Val av leiar for valnemnda i Agder Historielag.**
Medlemar i valnemnda har gjeve uttrykk for at det bør vera oppnemnt ein leiar, sidan det ikkje ligg under årsmøtet er det styret si oppgåve.
Ellen Ledaal Gjertsen er spurt og har sagt ja.
Samrøystes vedtak:
Ellen Ledaal Gjertsen vert vald til leiar av valkomiteen.
- Sak 45/18: **Årsplan 2019 og dato for styremøter.**
Arbeidsutvalet la fram årsplan for styret.
Samrøystes vedtak:
Styret godkjende den framlagde årsplanen frå arbeidsutvalet.
Årsmøtet vert laurdag 27. april på Revsnes Hotell, Byglandsfjord.
Dato for styremøta: 21. januar, 18. mars, 20. mai, 16. september og 25. november 2019.

Sak 46/18: **Budsjett for 2019**

Det framlagde budsjett frå arbeidsutvalet vart drøfta.

Samrøystes vedtak:


Styret godkjenner framlegget som eit foreløbig budsjett, og kjem tilbake til endeleg budsjett i styremøte før årsmøtet.

Sak 47/18: **Evaluering av haustmøtet 2018.**

- 65 til stades
- Bra møte, godt program
- Gode lokalitetar
- Gode pausar så folk fekk høve til å treffa kvarandre
- Enkel og god mat
- Nok med 2 foredragshaldara og 1 kulturinnslag
- Kutta avisannonse og trykka rimelegare brosjyre for å få ned kostnadane.

Sak 48/18: **Orienteringssaker**

- Møte i arbeidsutvalet 5. oktober.
- Møte i redaksjonskomiteen for Agders Historie 14. og 15. november.
- Regionleiarsamlinga på Gardarmoen 10. november.


Arna Berg
Leiar